



Forslag til plan for selskapskontroll 2016-2019

Telemark fylkeskommune

2016 :: 400 005
Ferdigstilt 28.04.16

Om Telemark kommunerevisjon IKS

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Frå 2015 har vi innleidd fagleg og administrativt samarbeid med dei interkommunale revisjonsordningane Buskerud kommunerevisjon IKS, Vestfold kommunerevisjon og Sandefjord distriktsrevisjon.

Telemark kommunerevisjon IKS har brei erfaring med selskapskontroll og gjer forvaltningsrevisjon av kommunal verksemd innanfor mange område, og med ulike innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har god kompetanse innan offentleg forvaltning.

Du kan lese meir på vår nettstad www.tekomrev.no.

Innhold

Om Telemark kommunerevisjon IKS	1
1 Innleiing	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Kontrollutvalet sitt ansvar for planlegging av selskapskontroll	3
1.3 Kven kan bli kontrollert?	4
1.4 Selskapskontroll - innhald og omgrep	4
1.5 Gjennomføring og rapportering av kontrollen.....	5
2 Eigarskap i Telemark fylkeskommune.....	7
2.1 Eigarskapsmelding	7
2.2 Fylkeskommunen sitt eigarskap.....	7
2.3 Gjennomførte selskapskontrollar	7
3 Prioriteringar i denne planperioden	9
3.1 Eigarskapskontroll.....	9
3.2 Forslag om forvaltningsrevisjon i selskap	10
4 Plan for selskapskontroll	12
Vedlegg.....	12

Foto forside: www.effective.com

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Fylkeskommunen/kommunen kan engasjere seg i verksemder og leggje ulike oppgåver til fristilte organisasjonsformer som interkommunalt samarbeid, interkommunale selskap, aksjeselskap o.l. Fylkestinget/kommunestyret står i stor grad fritt til å velje kva organisasjonsform slik verksemd skal ha. Kva organisasjonsform fylkestinget vel, har mykje å seie for kva høve fylkestinget har til å styre verksemda. Selskapa, som er sjølvstendige rettssubjekt, har eigne styringsorgan, og er regulert av særskilt lovgiving, som mellom anna regulerer tilhøvet mellom eigarane (fylkeskommunen/kommunen) og selskapet sitt styringsorgan.

Viktige vilkår for folkevald styring er open informasjon, etikk og kontroll. Ei evaluering av offentleglova¹ viser at kunnskapen om lova i sjølvstendige offentlige rettssubjekt er lav. Vidare viser evalueringa at mange offentlege selskap, sjølv om dei forvaltar til dels svært store offentlege verdiar, får få innsynsrap. Mange meiner at ressursbruken på å etablere rutinar, system og kompetanse i organisasjonen er urimeleg i forhold til det lave talet på innsynskrav som dei får.

NIBR har undersøkt korleis norske kommunar tek omsyn til god folkevald styring over den delen av verksemda som er organisert i selskap.² Dei fleste som vart spurde i undersøkinga meiner at kommunestyret ikkje får nok informasjon og ikkje er godt nok orientert, og at kontrollrutinane ikkje er tilstrekkelige.

Dette gir utfordringar når det gjeld demokratisk styring, innsyn i og kontroll med verksemda.

1.2 Kontrollutvalet sitt ansvar for planlegging av selskapskontroll

Kommunelova § 77 nr. 5 og kontrollutvalsforskrifta § 13 slår fast at kontrollutvalet skal sjå til at det er kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen får ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal byggje på ei overordna analyse av kommunen sitt eigarskap. Analysen skal ha fokus på risiko og kva som er vesentleg i kommunen sitt eigarskap. Kommunestyret skal vedta planen. Dette skal skje seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert.

¹ Gjennomført av Oxford research i 2015 på oppdrag frå Justisdepartementet (http://www.oxfordresearch.no/media/270943/evaluering_av_offentleglova_oxford_research.pdf)

² Norsk institutt for by- og regionsforskning (NIBR) på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2015:1 (www.nibr.no)

Kontrollutvalet i Telemark fylkeskommune har bedt Telemark kommunerevisjon IKS om å utarbeide analyse og forslag til plan for selskapskontroll. Vårt forslag viser aktuelle tema for selskapskontroll i Telemark fylkeskommune. Forslaget bygger på ei vurdering av risiko og vesentlegheit. Det er fylkestinget som løyver ressursar til selskapskontroll og avgjer kva for kontrollar fylkeskommunen gjer.

Telemark fylkeskommune er medeigar i Telemark kommunerevisjon IKS og Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS. Telemark kommunerevisjon IKS er ikkje uavhengig i høve til desse to selskapa, og vi har difor ikkje vurdert behovet for selskapskontroll her.

1.3 Kven kan bli kontrollert?

Reglane om selskapskontroll gjeld kommunalt og fylkeskommunalt eigarskap i interkommunale selskap (IKS), aksjeselskap (AS) og interkommunale samarbeid etter kommunelova § 27 når desse er sjølvstendige rettssubjekt. Kontrollen kan også gjelde dotterselskap til desse organa.

Selskapskontroll gjeld ikkje for stiftelsar (er ikkje eigde av nokon), fylkeskommunale føretak (er ein del av fylkeskommunen) og andre organisasjonsformer enn dei tre vi har nemnt.

1.4 Selskapskontroll - innhald og omgrep

Omgrepet selskapskontroll dekkjer to former for kontroll:

- **Eigarskapskontroll:** Kontroll med korleis fylkeskommunen/kommunen utøver eigarskap i selskap – forholdet mellom fylkestinget/kommunestyret og eigarorganet
- **Forvaltningsrevisjon i selskap:** Kontroll med korleis selskapa vert styrte og drivne



Ein eigarskapskontroll er i hovudsak retta mot fylkeskommunen. Hovudspørsmålet i ein *eigarskapskontroll* er om fylkeskommunen har retningslinjer for utøving av eigarskap, og om retningslinjene er i samsvar med gjeldande reglar og tilrådingar for godt eigarskap. Vidare undersøker vi om den som utøver eigarskap på vegne av fylkeskommunen gjer det i samsvar med gjeldande reglar og fylkestinget sine vedtak og føresetnader.

Drift og aktivitetar i selskapet kan ein undersøkje gjennom ein forvaltningsrevisjon, på same måte som ein kan gjere forvaltningsrevisjon av fylkeskommunen si verksemd. Dei fleste tema og vinklingar kan undersøkjast gjennom ein forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon skal gjerast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk³ og er regulert i kommunelova § 77 nr. 4 og i kontrollutvalgsforskrifta og revisjonsforskrifta.

1.5 Gjennomføring og rapportering av kontrollen

Iverksetting av selskapskontroll

Fylkestinget skal vedta plan for selskapskontroll og skal stille ressursar til rådevelde for gjennomføringa. Kontrollutvalet skal sjå til at eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon blir gjennomført. Det er vanlig og føremålstenleg at fylkestinget gir kontrollutvalet mynde til å gjere endringar i planen.

³ God kommunal revisjonsskikk innan forvaltningsrevisjon er definert i RSK 001, utgitt av Noregs kommunerevisorforbund

Avtalen fylkeskommunen har med Telemark kommunerevisjon IKS dekkjer ikkje selskapskontroll. Gjeldande ordning er at kontrollutvalet ber om tilbod på ein kontroll, og vurderer bestilling ut frå tilbodet.

Gjennomføring av eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon

Det er ikkje stilt krav om kvalifikasjonar for den som skal gjennomføre eigarskapskontroll. Det er heller ikkje stilt metodiske krav til eigarskapskontrollen. Det vanlige er at revisor gjer eigarskapskontroll, eventuelt kontrollutvalet sitt sekretariat.

Forvaltningsrevisjon i selskap *skal* gjennomførast av revisor i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og gjeldande kvalifikasjonskrav for forvaltningsrevisjon.

Ein eigarskapskontroll er vanlegvis mindre ressurskrevjande enn ein forvaltningsrevisjon.

Innsynsrett

Kommunelova § 80 regulerer innsynsrett i selskap for kontrollutvalet og fylkeskommunen sin revisor. Innsynsretten gjeld i interkommunale selskap, interkommunalt samarbeid som er organisert som sjølvstendig rettssubjekt og aksjeselskap med kommunale/fylkeskommunale eigarar.

Det er ikkje innsynsrett i selskap som har private eller statlige medeigarar. Her kan eigarorganet gi kontrollutvalet innsynsrett gjennom vedtektene. Dersom innsynsretten ikkje er regulert i vedtektene, må kontrollutvalet be styret om samtykke til innsyn, eventuelt etter avklaring med eigarane.

Rapportering om eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon

Etter gjennomført eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon lagar vi ein rapport til handsaming i kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal rapportere sitt arbeid til fylkestinget. Denne rapporteringa skjer normalt ved at kontrollutvalet sender rapporten med si innstilling til vedtak til fylkestinget for handsaming.

2 Eigarskap i Telemark fylkeskommune

2.1 Eigarskapsmelding

Telemark fylkeskommune har eigarskapsmelding med tilhørande eigarskapsstrategi. Eigarskapsstrategien blei sist oppdatert i desember 2015. Fylkesutvalet vedtok eigarskapsstrategien 18.02.16 og fylkestinget 28.04.16. Eigarskapsmeldinga blei sist justert i mars 2016 og vedteke av fylkesutvalet 14.04.16 og fylkestinget 28.04.16.

2.2 Fylkeskommunen sitt eigarskap

Vi har henta oversikt over fylkeskommunen sitt eigarskap frå eigarskapsmeldinga, Proff.no og Brønnøysundregistra. Der det ikkje er samsvar, nyttar vi informasjonen frå dei offentlege registra. Vi kan ikkje seie med sikkerhet at fylkeskommunen har andre eigarskap enn det som kjem fram her.

Oversikta går fram av vedlegg. I oversikta har vi med eigarskap i interkommunale samarbeid etter kommunelovens § 27 som er sjølvstendige rettssubjekt, interkommunale selskap og aksjeselskap. Fylkeskommunen har også eigarinteresse i andre verksemder som er organisert på anna måte, mellom anna Telemark Utviklingsfond. Kommunelova § 80 gir ikkje innsynsrett til å gjere selskapskontroll i slike organisasjonsformer. Det er uklart om kontrollutvalet har innsynsrett etter vedtektene. Telemark utviklingsfond har nedfelt i egne vedtekter at rekneskapet skal godkjennast av fylkestinget. Dette kan tale for at kontrollutvalet har innsynsrett. Deltakarane bør avklare og sikre innsynsretten til kontrollutvala gjennom vedtektene.

Administrativt har fylkeskommunen saksansvarlege for dei ulike selskapa, slik at det er ein tilsett med eit særskilt ansvar for kvart selskap. Selskapa er fordelt på tilsette ut frå fagområde.

2.3 Gjennomførte selskapskontrollar

For Telemark fylkeskommune er følgjande kontrollar gjennomførte i perioden 2012-2015:

Selskap	Tema/tilrådingar
Gea Norwegica Geopark IKS	Det blei gjort en eigarskapskontroll i 2014. Selskapet fekk tilråding om registrering i styrevervregister, utarbeiding av instruks til styret og daglig leder og at revisor og kontrollutval blir varsla om

	<p>representantskapsmøter. Kommunen fekk tilrådingar knytt til eigarskapsmeldinga, både knytt til innhald og at meldinga er forankra i selskapa, samt vurdere behov for eigarmøter.</p>
Skien Dalen Skipsselskap AS	<p>Det blei gjort en eigarskapskontroll for alle eigarkommunane i 2014. Selskapet fekk tilrådingar om styrets rolle, ansvar og handleplikt, registrering i styrevervregisteret, etiske retningslinjer, offentlig støtte og avklare om offentleglova og regler om offentlege anskaffingar gjeld for selskapet, protokollføring av fullmakt for møtande i generalforsamling og at innkalling sendast kommunes revisor.</p> <p>Kommunen blei tilrådd at dei saman med dei andre eigarane forsikrar seg om at selskapets eigenkapital er forsvarleg, at det er korrekte fullmakter og gjennomføre hensiktsmessig folkevaldopplæring.</p>
Vest Telemark PPT IKS	<p>Tema for eigarskapskontrollen var om det var etablert rutinar for å følgje opp eigarskapen, og om desse vart følgde. Kontrollen blei gjort i 2013.</p> <p>Det var m.a. gitt tilråding til eigarane om å revidere selskapsavtala. Enkelte formelle manglar ved selskapet var påpeikt.</p>
Raulandsakademiet AS	<p>Eigarskapskontroll i 2013. Kommunen blei tilrådd å følgje opp vedtaket om å ta initiativ i høve utøving av eigarskap.</p>

3 Prioriteringar i denne planperioden

3.1 Eigarskapskontroll

Vårt forslag om prioritering av tema for eigarskapskontroll byggjer på ei overordna analyse av kvar risikoen ligg og kva som er vesentleg i fylkeskommunen sitt eigarskap. Bakteppet for vurderinga er gjeldande reglar for dei aktuelle selskapsformene, KS sine tilrådingar for godt eigarskap, fylkeskommunen si eigarmelding og resultat av tidligare selskapskontrollar i fylkeskommunen.

Føringar for eigarskap og opplæring av eigarrepresentantar (anbefaling 1- 8)

Telemark fylkeskommune har nedfelt prinsipp for styring frå eigar i eigarskapsmeldinga. Det kan vere aktuelt med ein eigarskapskontroll retta mot oppfølging av eigarskapsmeldinga, oppfølging av tilrådingar gitt etter tidlegare eigarskapskontrollar og ein kontroll av om forvaltninga av eigarskapen elles er i samsvar med tilrådingar frå KS. Folkevaltopplæring, fullmakter, avklaringar og rapportering til kommunestyret bør undersøkjast. En slik kontroll vil normalt ikkje vere retta mot noko særskilt selskap, men det kan være aktuelt med stikkprøver i utvalde selskap.

Styre - evaluering og val (tilråding 9-14)

Det er eigar sitt ansvar å sjå til at den samla kompetansen i styret er tilpassa selskapet si verksemd. Vi rår kommunen til å undersøke korleis kommunen som eigar sikrar at selskap har godt samansette og godt fungerande styre. I denne undersøkinga vil vi særleg sjå på valprosess, styresamansetjing, styreinstruks og krav om evaluering av styret sitt arbeid i fleire selskap.

Samordning av føringar for eigarskap – fleire eigarar

Telemark fylkeskommune har mykje eigarskap felles med kommunar og andre fylkeskommunar. Det kan føre til at eigarane set ulike krav til selskapet knytt til eigarskapsutøving, og målsetningar og styring av selskapa kan vere motstridande. Vi rår kommunen til å undersøkje i kva grad føringar og forventningar til eigarutøving og selskap blir samordna mellom eigarane og formidla til selskapa.

3.2 Forslag om forvaltningsrevisjon i selskap

Samfunnsansvar og etikk (tilråding 15 - 19)

I eigarskapsmeldinga har Telemark fylkeskommune mellom anna stilt krav om registrering i styrevervregisteret. Det er også lagt føringar om lønn og godtgjersle. Det kan vere aktuelt å undersøke om kommunen har gjort eigne forventningar kjent for selskapa og om selskapa har følgd dei opp. Det er også aktuelt å undersøke om kommunen gjennom sitt eigarskap bidrar til å ivareta samfunnsansvar og etiske høve i selskapa, i tråd med dei tilrådingar som er gitt. Her kan det også vere aktuelt å undersøke om selskapa følgjer reglane om offentleg innsyn, offentlege innkjøp, offentleg stønad. Aktuelle selskap kan her til dømes vere VIGO IKS, eit av fergeselskapa eller eit vegfinansieringsselskap.

Gjennomføring av verksemd - måloppnåing

Kollektivtrafikk

Telemark fylkeskommune er medeigar i Brevik fergeselskap IKS. Selskapet blei organisert som eit interkommunalt selskap i 2013. Denne endringa samt at selskapet er ansvarleg for viktige tenester for kommunen gjer at det kan vere aktuelt med forvaltningsrevisjon i selskapet. I tillegg til å sjå på gjennomføring av verksemd og måloppnåing, kan det vere aktuelt å undersøke oppfølging av reglane om offentlegheit og offentlege anskaffingar og kommunen sine forventningar til selskapet om samfunnsansvar og etikk.

Telemark fylkeskommune er også medeigar i Kragerø fjordbåtselskap IKS, som skal drive kollektivtransport i skjergarden i Kragerø. Selskapet var tidligare organisert som eit aksjeselskap, og er no organisert som eit IKS. Denne endringa, samt at selskapet er ansvarleg for tenester som er viktige for fylkeskommunen, gjer at det kan vere aktuelt med forvaltningsrevisjon i selskapet. Ein tidlegare kontroll ga tilrådingar om oppfølging av reglane om offentlegheit og offentlege anskaffingar, noko som kan vere aktuelt å undersøke no etter at organiseringa av selskapet er endra.

Vidaregåande opplæring – forvaltningssystem

VIGO IKS er eigd av alle fylkeskommunane i landet i fellesskap og er lokalisert i Skien. Selskapets formål er mellom anna å utvikle/vidareutvikle, eie og/eller drifte fylkeskommunanes felles inntaks- og forvaltningssystem for elevar/læringar Vigo, og alt som naturleg heng saman med dette, til dømes administrative system i skulen. Etter forslag frå fylkesordføraren i Telemark har fylkesordførarkollegiet gått inn for å gjere ein felles forvaltningsrevisjon av anskaffing av Visma Flyt Skole og kontraktane som blei resultat av anskaffinga. Bakgrunnen for forslaget er uro både for framdrift og økonomi til prosjektet Visma Flyt Skole. Det er VIGO IKS som har gjort anskaffinga og som er ansvarleg for prosjektet Visma Flyt Skole. Visma Flyt Skole er eit nettbasert administrativt system for

skulane. Det er teke i bruk i grunnskulen i mange kommunar. Gjennom prosjektet Visma Flyt Skole skal det utviklast til å omfatte vidaregåande opplæring og skal erstatte dagens løysing i fylkeskommunane. Det kan derfor være aktuelt med ein forvaltningsrevisjon i VIGO IKS, der ein undersøker anskaffinga og prosjektet spesielt. Det er naturleg at Telemark som kontorfylke for VIGO IKS tar initiativet til ein slik forvaltningsrevisjon.

4 Plan for selskapskontroll

Vi foreslår følgjande selskapskontrollar:

Tema	Generell/selskap	Kontrollform	Tidspunkt for gjennomføring
Gjennomføring av verksemd/Visma flyt skole	VIGO IKS	Forvaltningsrevisjon – bør gjerast felles med dei andre eigarane.	Bør setjast i verk raskt – kan vere lang bestillingsprosess
Oppfølging av eigarskapsmelding og andre føringar for eigarskap	Generell – stikkprøver i utval av selskap. Konesjonskraftstyret i Telemark kan være aktuelt.	Eigarskapskontroll	Kan gjerast når som helst
Styresamansetjing – styreevaluering og valprosess	Bør rettast mot alle selskap med delt eigarskap, der kommunen har ein viss eigardel.	Eigarskapskontroll	Kan gjerast når som helst
Samfunnsansvar og etikk	Kontroll i fleire selskap kan være aktuelt – f.eks. fergeselskap eller vegfinansieringsselskap.	Forvaltningsrevisjon – bør eventuelt gjerast felles med andre eigarar.	Kan gjerast når som helst
Gjennomføring av verksemd - måloppnåing	Kragerø Fjordbåtselskap IKS, Brevik Fergeselskap IKS	Forvaltningsrevisjon – bør gjerast felles med andre eigarar.	Kan gjerast når som helst
Samordning av føringar for eigarskap	Generell – stikkprøver i utval av selskap.	Eigarskapskontroll - bør gjerast felles med andre eigarar der det er aktuelt	Kan gjerast når som helst

Vedlegg

- Oversikt over Telemark fylkeskommune sine eigarinteresser i selskap per 1.1.2016 og omtale av selskapa
- KS' Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll⁴

⁴ Kommunenes sentralforbund 15. november 2015.

Oversikt over Telemark kommune sine eigarinteresser i selskap per 1.1.2016 og omtale av selskapa

Selskap med innsynsrett etter kommunelova § 80:

Interkommunale selskap (IKS)	Fylkeskommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet (alle tal frå 2014)	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Kragerø Fjordbåtselskap IKS	50 %	<p>Eigenkapitalandel: 7,8 % Eigenkapital 3,537 mill. kr. Totalrentabiliet: 3,6 % Likviditetsgrad: 1,3 Gjeldsgrad: 11,3 Selskapet ble etablert som IKS i 2013</p> <p><u>Formål:</u> Formålet med selskapet er å tjene eiernes behov for å drive allmenn tilgjengelig kollektivtransport med fartøy i rute i skjærgården I Kragerø. Selskapet kan ikke drive rutegående virksomhet i andre geografiske områder.</p> <p><u>Annet:</u> Kragerø kommune hadde selskapskontroll i 2011, da selskapet var et AS. Det ble gitt anbefalinger for både eierkommunene og selskapet.</p>	<p>Kontorkommune Kragerø</p> <p>50 % Kragerø kommune</p>
Brevik Fergeselskap IKS	50 %	<p>Eigenkapital: 5,922 mill kr</p> <p><u>Formål:</u> Formålet med selskapet er å tjene eiernes behov for å drive allmenn tilgjengelig kollektivtransport med fartøy i rute i skjærgården i Porsgrunn. Selskapet kan ikke drive rutegående virksomhet i andre geografiske områder.</p>	<p>Kontorkommune Porsgrunn</p> <p>50 % Porsgrunn kommune</p>
Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS	9,1 %	<p>Eigenkapitalandel: 16 % Eigenkapital kr 600 000 Gjeldsgrad: 5,2</p> <p><u>Formål:</u> Utføre den lovpålagte sekretærfunksjonen for deltakernes kontrollutvalg. Selskapet kan utføre tilsvarende oppgaver for andre bestillere.</p> <p><u>Anna:</u> Ikkje hatt selskapskontroll.</p>	<p>Kontorkommune Bø.</p> <p>Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder fylkeskommune, 17 kommunar i Telemark, 10 kommunar i Aust-Agder</p>

Interkommunale selskap (IKS)	Fylkeskommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet (alle tal frå 2014)	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Telemark kommunerevisjon IKS	20,87 %	<p>Eigenkapitalandel: 59,9 % Eigenkapital 6,1 mill. kr. Totalrentabilitet: 3,7 % Gjeldsgrad: 0,7</p> <p><u>Formål:</u> Utføre lovpålagte revisjonsoppgaver samt andre revisjonsoppdrag og rådgivning for deltakerne. I tillegg å utføre revisjonsoppdrag og rådgivning for andre selskaper. Selskapet har ikke erverv til formål.</p> <p><u>Anna:</u> Ikkje hatt selskapskontroll.</p>	<p>og fire kommunar i Vest-Agder.</p> <p>Kontorkommune Skien</p> <p>Larvik, Lardal, samtlige kommunar i Telemark og Telemark fylkeskommune</p>
Vest-Telemark Pedagogisk Psykologisk Teneste PPT IKS	12 %	<p>Eigenkapitalandel: -21,3 % Eigenkapital -2,034 mill. kr. Totalrentabilitet: -1 % Gjeldsgrad: -5,7</p> <p><u>Formål:</u> Legge til rette ei pedagogisk-psykologisk teneste i samsvar med § 5-6 i lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).</p> <p><u>Anna:</u> Selskapskontroll i 2013. Administrasjonen har i 2016 fremma forslag om å avslutte driftsavtalen med Vest-Telemark PPT og tre ut av eigarskapet i selskapet. Dette blei ikkje vedteke. Fylkestinget vedtok 28.04.16 å be styret i selskapet om å utarbeide ein ny selskapsavtale med omtale av fagrådets ansvar, som skal handsamas av alle eigarane (fylkesting og kommunestyre).</p>	<p>Kontorkommune Kviteseid</p> <p>25 % Vinje 16 % Kviteseid 15 % Seljord 14 % Tokke 9 % Fyresdal 9 % Nissedal</p>
Gea Norvegica Geopark IKS	34,4 %	<p>Rekneskapstal ikkje tilgjengeleg i offentlege kjelder. Eigenkapitalen i 2013 var 1 268 000 kr. Regnskapsmessig resultat var – 272 000 kr. Deltakeransvar lik eierprosent.</p> <p><u>Formål:</u> Selskapet har som formål, gjennom en felles organisasjon, å tilrettelegge og forestå en god og informativ presentasjon av området geologiske naturarv. Dette omfatter også å</p>	<p>Kontorkommune Porsgrunn</p> <p>34,4 % Vestfold fylkeskom. 9,63 % Skien</p>

Interkommunale selskap (IKS)	Fylkeskommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet (alle tal frå 2014)	Kontorkommune og andre eigarkommunar
		<p>vise sammenhenger mellom geologisk mangfold og betydningen dette har for menneskene i dag, i fortid og i framtid (herunder biologisk mangfold, miljøforhold, samfunnsutvikling, kultur, jordbruk, utnyttelse av geologiske naturressurser m.m.). Målsettingen er at selskapet skal bidra aktivt til: Utviklingen av det gode bosted. Dette omfatter tiltak som kan gi befolkningen økt innsikt i bostedet og derved styrke identitetsfølelsen. Undervisning i skoler og høyskoler gjennom tilrettelegging og utvikling av tilbud. I samarbeid med lokale aktører utvikle et grunnlag for kvalitetsturisme med utgangspunkt i den geologiske naturarven (geoturisme). Stimulere til lokal næringsutvikling med basis i muligheter som geologien i området gir. Bidra til markedsføring / "branding" av regionen internasjonalt. Selskapet skal bidra til å samordne aktiviteter som utføres av ulike aktører, som for eksempel fylkesmennene, kommunene, næringsliv, interesseorganisasjoner og ideelle organisasjoner, ved forvaltning og drift av attraksjoner i geoparkområdet. Partene forutsetter at en del praktiske oppgaver knyttet til driften av geoparken best vil kunne løses ved at dette blir ivaretatt av de enkelte eierne. Dette gjelder bl.a. rydding, vedlikehold, skilting og kontakt med grunneiere. Fordelingen av de konkrete oppgaver mellom de deltagende kommuner og fylkeskommuner vil bli regulert nærmere i en egen avtale mellom disse. Selskapet vil arbeide for å oppnå status som en Europeisk Geopark godkjent av UNESCO og det europeiske geoparknettverket ("European Geopark Network"; EGN). Videre å bli deltaker av EGN og skal sørge for en drift i henhold til "EGN Charter".</p> <p><u>Annet:</u> Eigarskapskontroll i 2014.</p>	<p>6,42 % Porsgrunn 7,80 % Larvik 2,75 % Bamble 2,29 % Kragerø 1,38 % Nome 0,46 % Lardal 0,46 % Siljan</p>
<p>Interkommunalt arkiv for Buskerud Vestfold og Telemark IKS (IKA Kongsberg IKS)</p>	<p>3,52 %</p>	<p>Eigenkapitaldel: 16 % Eigenkapital: 600 000 kr Totalrentabilitet: 0,9 % Gjeldsgrad: 5,2</p> <p><u>Formål:</u> Formålet med selskapet er å legge forholdene til rette for medlemmenes rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlovens intensjoner og bestemmelser. Selskapet skal kunne fungere som arkivdepot for deltakerne samt selge kompetanse og arkivtjenester til andre. Selskapet skal kunne fungere som fylkesarkiv for deltagende fylkeskommuner, og skal kunne motta privatarkiv.</p>	<p>Kontorkommune Kongsberg</p> <p>38 andre kommunar i Buskerud, Vestfold og Telemark</p>

Interkommunale selskap (IKS)	Fylkeskommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet (alle tal frå 2014)	Kontorkommune og andre eigarkommunar
		<u>Anna:</u> Det har ikkje vore selskapskontroll i regi av nokon av eigarkommunane i Telemark.	
Tannhelsetjenestens kompetansesenter Sør IKS	20,0 %	<p>Rekneskapstal ikkje tilgjengeleg i offentlege kjelder.</p> <p><u>Formål:</u> Bidra til å heve kompetansen innen den offentlige og private tannhelsetjenesten i regionen. Videre skal senteret bidra til å gi befolkningen bedre tilgang til spesialtjenester. Senteret skal utvikle og levere tjenester med høy faglig kvalitet på følgende områder: spesialistbehandling og utredning, etterutdanning, rådgivning, videre- og spesialistutdanning, forskning og folkehelsearbeid.</p>	<p>Kontorkommune Arendal</p> <p>20 % Aust-Agder fylkeskom. 20 % Vestfold fylkeskom. 20 % Vest-Agder fylkeskom. 20 % Buskerud fylkeskom.</p>
VIGO IKS	5,0 %	<p>Rekneskapstal ikkje tilgjengeleg i offentlege kjelder.</p> <p><u>Formål:</u> Utvikle/videreutvikle, eie og/eller drifte, alt etter bestilling og i nært samarbeid med deltakerne, fylkeskommunenes felles inntaks- og forvaltningssystem for elever/lærlinger Vigo og alt som ellers står i naturlig sammenheng med dette - eksempelvis skoleadministrative systemer. Selskapet kan la utvikling og drift av ulike systemer settes ut til andre. Selskapet skal videre levere eller formidle levert nødvendige faglige kurs eller veiledning til deltakerne på de systemer man har rettigheter/driftsoppgaver knyttet til.</p>	<p>Kontorkommune Skien (Telemark)</p> <p>Eigas av fylkeskommunane i landet</p>

§ 27 – sjølvstendige rettssubjekt	Opplysningar om samarbeidet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Konsesjonskraftstyret i Telemark	<u>Verksemd:</u> Konsesjonskraftomsetning for Telemark Fylkeskommune og kommunene Tokke, Vinje, Tinn, Hjartdal, Kviteseid, Seljord	<p>Kontorkommune Skien (Telemark)</p> <p>Tokke, Vinje, Tinn, Hjartdal, Fyresdal, Kviteseid, Seljord og Nissedal.</p>

Heileigde kommunale aksjeselskap (AS)	Fylkeskommunens eigardel	Opplysningar om selskapet (alle tal frå 2014)	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Vestviken Kollektivtrafikk AS	33,33 %	Eigenkapitaldel: 14,3 % Totalrentabilitet: -9,6 % Gjeldsgrad: 6 <u>Formål:</u> Å kjøpe transporttjenester og samordne offentlige betalte transporter i henhold til avtaler med sine eiere, selskapet kan drive, leie og eller eie kollektivtrafikkterminaler, ruteopplysningstjeneste og hertil knyttet markedsføring, informasjon produktutvikling. <u>Anna:</u> Telemark og Buskerud har gått ut av drifta av selskapet og skal ut som eigarar.	Kontorkommune Tønsberg 33,33 % Vestfold fylkeskommunen 33,33 % Buskerud fylkeskommunen
Vegfinans AS	16,67 %	Eigenkapitaldel: 2,6 % Totalrentabilitet: 1,1 % Gjeldsgrad: 37,7 <u>Formål:</u> Oppnå en mest mulig hensiktsmessig og rasjonell gjennomføring av aksjonærenes offentlige bomvegprosjekter. Selskapet har ikke økonomisk overskudd som formål, og betaler ikke utbytte.	Kontorkommune Drammen Eigd saman med fylkeskommunane i Vestfold, Buskerud, Akershus, Hedmark og Oppland
Bypakke Grenland AS	50 %	Eigenkapital: 17 000 kr Eigenkapitaldel: 18,9 % Totalrentabilitet: -93,5% Gjeldsgrad 4,3 % <u>Formål:</u> Å bidra til finansiering av Bypakke Grenland. - selskapet deler ikke ut utbytte - selskapet administrerer og eventuelt driver et innkrevningssystem i bompengerperioden - selskapet foretar de nødvendige låneopptak i samsvar med stortingsvedtak og avtale med Statens vegvesen Vegdirektoratet.	Kontorkommune Skien 25 % Skien (29%) 19 % Porsgrunn 2 % Siljan 4 % Bamble (0%- har solgt seg ut)

Heileigde kommunale aksjeselskap (AS)	Fylkeskommunens eigardel	Opplysningar om selskapet (alle tal frå 2014)		Kontorkommune og andre eigarkommunar
Telemark og Vestfold regionteater AS	33,33 %	Eigenkapitaldel: 23,2 % Totalrentabilitet: 2,6 % Gjeldsgrad: 3,3	Eigenkapital: 4,448 mill. kr	Kontorkommune Skien 33,33 % Skien 33,33 % Vestfold fylkeskom.
Interoperabilitetstjenester AS	1,56 %	Eigenkapitaldel: 15,4 % Totalrentabilitet: 4,2 % Gjeldsgrad: 5,5	Eigenkapital: 3,286 mill kr	Kontorkommune Oslo Eigd av fleire offentlege selskap og fylkeskommunar
Raulandsakademiet AS	1,39 %	Eigenkapitaldel: 63 %. Eigenkapital 20,8 mill. kr. Totalrentabilitet: -0,1 % Gjeldsgrad: 0,6		Kontorkommune Vinje 98,61 % Vinje

Selskap utan innsynsrett:

Deleigde kommunale aksjeselskap	Fylkeskommunens eigardel	Opplysningar om selskapet (alle tal frå 2014)	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Buskerud Telemark Vestfold Investeringsfond AS	1,98 %	Eigenkapitalandel: 74,9 % Eigenkapital 62,81 mill kr Gjeldsgrad 0,3 <u>Formål:</u> Opprette, utvikle og styrke virksomheter innen industri og annen næringsvirksomhet ved innsats av kapital og faglig assistanse. <u>Anna:</u> Fylkeskommunen opplys at selskapet skal avviklas i 2016.	Kontorkommune Skien 9,50 % Porsgrunn 9,50 % Skien 2,11 % Bamble
Vest-Telemark næringsbygg AS	9,92 %	Eigenkapitalandel: 92,2 % Eigenkapital 30,7 mill.kr. Totalrentabilitet: 0,6 % Gjeldsgrad: 0,1% <u>Formål:</u> VTN AS sitt føremål er, i samarbeid med andre aktørar, å styrke og vidareutvikle næringslivet i regionen. Innafor kommunane Nissedal, Fyresdal, Tokke, Kviteseid, Seljord, Vinje, Hjartdal og Drangedal skal VTN AS vere med å skape grunnlag for vekst og utvikling ved å delta i ulike typar næringsbyggprosjekt, samt andre aktuelle selskap og verksemder. I samband med dette kan det også ytast teknisk og økonomisk rådgjeving.	Kontorkommune Kviteseid 9,51 % Tokke 9,18 % Fyresdal 9,10 % Seljord 4,40 % Kviteseid 4,89 % Drangedal 1,65 % Nissedal
Skien Dalen Skipsselskap AS	26,87 %	Eigenkapitalandel -0,5% Eigenkapital -14 000 kr Totalrentabilitet: 7,8 % Gjeldsgrad - 189,1 <u>Formål:</u> Drive turisttrafikk i Telemarksvassdraget og hva dermed står i forbindelse. Selskapet kan også ved aksjetegning eller på annen måte delta i andre selskaper. <u>Anna:</u> Det var ein selskapskontroll av selskapet i 2014, der det ble gitt flere tilrådingar både til selskap og eigarar. Tal for 2014 viser at den økonomiske situasjonen for selskapet framleis er vanskeleg.	Kontorkommune Skien 11,66 % Tokke 8,01 % Nome 7,90 % Kviteseid 9,99 % Skien I tillegg er det kommuner med små eierandeler (under 2%)
Industriinkubatoren Proventia AS	6,98 %	Eigenkapitalandel: 67 % Eigenkapital 4,243 mill. kr. Totalrentabilitet: 0,3 %	Kontorkommune Porsgrunn

Deleigde kommunale aksjeselskap	Fylkeskommunens eigardel	Opplysningar om selskapet (alle tal frå 2014)	Kontorkommune og andre eigarkommunar
		<p>Gjeldsgrad: 0,5</p> <p><u>Formål:</u> Selskapet skal drive forretningsmessig rådgivning og alt som naturleg forbindes med slike aktiviteter. Selskapet skal gjennom aktiv bruk av kompetanse, ressurser og nettverk bidra til nyskaping, bedriftsetablering, utvikling av eksisterende næringsliv og vekst i regionen. Selskapet kan erverve aksjer og andeler i andre selskap og organisasjoner etter retningslinjer gitt av styret.</p>	Private og offentlege eigarar
E 134 Haukelivegen AS	2,22 %	<p>Eigenkapitalandel: 58,1 % Eigenkapital 2,501 mill kr</p> <p>Totalrentabilitet: 0,5 %</p> <p>Gjeldsgrad 0,7</p> <p><u>Formål:</u> Arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, etter fylkesvise prioriteringar, når dette styrker arbeidet for korridoren. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingsselskap. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål. Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet</p>	Eies av en rekke kommuner og fylkeskommuner og enkelte private aktører.
Visit Telemark AS	1,188 %	<p>Eigenkapitalandel: 41 % Eigenkapital 3 mill. kr.</p> <p>Totalrentabilitet: 15,1 %</p> <p>Gjeldsgrad: 1,4</p> <p><u>Formål:</u> Produktutvikling, markedsføring og salg av aksjonærenes reiselivsprodukter på oppdragsbasis, Service overfor aksjonærene på oppdragsbasis. Service overfor fylkeskommunen og kommuner på oppdragsbasis, forøvrigt alt som står i forbindelse med reiseliv, herunder deltakelse i andre selskap.</p>	Kontorkommune Skien Eies av flere kommuner og privat aktører.

Telemark fylkeskommune har også mindre aksjepostar (1% eller lågare) som ikkje er vist her.

Formler og forklaringer for nøkkeltall:

Eigenkapitalandel	$(\text{Sum egenkapital} / \text{totalkapital}) * 100$ <i>Eigenkapitaldelen viser hvor mye av totalkapitalen som er egenkapital. Over 40 % regnes som meget godt.</i>
Totalrentabilitet	$(\text{Resultat før skatt} + \text{finanskostnader}) * 100 / \text{gj.sn. totalkapital}$ <i>Resultat av drifta viser hvor lønnsom virksomheten er. Over 15 % regnes som meget godt. Sentralt for selskap som har erverv som formål.</i>
Gjeldsgrad	$\text{Sum gjeld} / \text{Sum egenkapital}$ <i>Gjeldsgraden viser hvor stor gjelda er i forhold til egenkapitalen. En gjeldsgrad på 1 vil si at bedriften har like stor gjeld som egenkapital.</i>

KS' Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll⁵

ANBEFALING 1: OBLIGATORISK OPPLÆRING AV OG INFORMASJON TIL FOLKEVALGTE

Kommunene bør som en del av sitt folkevalgtprogram gjennomføre obligatoriske kurs eller eierskapsseminarer. Den første opplæringen bør gjennomføres i løpet av de første 6 månedene av valgperioden. Det anbefales også at det nye kommunestyret tidlig i perioden får en oversikt over status for selskapene.

ANBEFALING 2: VURDERING OG VALG AV SELSKAPSFORM

Det er eiers ansvar å sikre en selskapsform som er tilpasset selskapets formål, eierstyringsbehov, samfunnsansvar, hensynet til innsyn, markedsforhold og det aktuelle lovverket.

ANBEFALING 3: FYSISK SKILLE MELLOM MONOPOL OG KONKURRANSEVIRKSOMHET

Selskap som opererer i et marked i konkurranse med andre aktører i tillegg til monopolvirksomhet, bør som hovedregel skille ut den markedsrettede delen av virksomheten for å unngå rolleblanding og kryssubsidiering.

ANBEFALING 4: UTARBEIDELSE AV EIGARSKAPSMELDINGER

Kommunestyrene bør hvert år fastsette overordnede prinsipper for sitt eierskap ved å utarbeide en eierskapsmelding for alle sine selskap.

Eierskapsmeldingen bør minimum ha disse hovedpunktene:

1. Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskap og samarbeid.
2. Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring
3. Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.
4. Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.
5. Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv.

ANBEFALING 5: UTARBEIDELSE OG REVIDERING AV STYRINGSDOKUMENTER

Kommunestyret skal utarbeide og bør jevnlig revidere styringsdokumentene og avtalene som regulerer styringen av selskapet.

ANBEFALING 6: EIERMØTER

KS anbefaler at det jevnlig gjennomføres eiermøter for å bidra til god eierstyring og kommunikasjon med selskapet. Et eiermøte er et møte mellom representanter fra kommunen som eier, styret og daglig leder for selskapet.

⁵ Kommunenes sentralforbund 15. november 2015.

ANBEFALING 7: EIERORGANETS SAMMENSETNING OG FUNKSJON

Avhengig av selskapets formål, anbefales det som en hovedregel at kommunestyret oppnevner sentrale folkevalgte som selskapets eierrepresentanter i eierorganet. Eierstyring skal utøves innenfor rammen av kommunestyrets vedtak.

ANBEFALING 8: GJENNOMFØRING AV GENERALFORSAMLINGER OG REPRESENTANTSKAPSMØTER

De formelle eiermøtene er generalforsamling eller representantskap. Det er styret som innkaller. Bestemmelser om innkallingsfrist bør tas inn i vedtektene, slik at det tas hensyn til kommunens behov for å ha tid til å behandle aktuelle saker.

ANBEFALING 9: SAMMENSETNINGEN AV STYRET

Det er eiers ansvar å sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskaps virksomhet. Det anbefales at kommunen sikrer opplæring av styremedlemmene.

ANBEFALING 10: VALGKOMITE OG STYREUTNEVNELSER

Ved valg av styrer til kommunalt eide selskap bør det vedtektsfestes bruk av valgkomite.

ANBEFALING 11: KJØNNMESSIG BALANSE I STYRENE

Det anbefales at eierorganet uavhengig av organisasjonsform tilstreber balansert kjønnsrepresentasjon. Styremedlemmene behøver ikke være bosatt i kommunen.

ANBEFALING 12: RUTINER FOR Å SIKRE RIKTIG KOMPETANSE I SELSKAPSSTYRENE

Eier har ansvar for å sikre at styret har den nødvendige kompetansen for å nå selskapets mål. Eier bør også anbefale styret selv jevnlig å vurdere egen kompetanse ut fra eiernes formål med selskapet. Det er derfor anbefalt flere rutiner for å sikre nødvendig kompetanse.

ANBEFALING 13: STYRESAMMENSETNING I KONSERNMODELL

Styremedlemmer i morselskap bør ikke sitte i styret til datterselskap. Konserndirektøren kan være representert i datterselskapenes styrer.

ANBEFALING 14: OPPNEVNELSE AV VARAREPRESENTANTER

Der det utpekes varamedlemmer til styret bør ordningen med numeriske varamedlemmer benyttes for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

ANBEFALING 15: HABILITETSVURDERINGER

Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter. Ordfører og rådmann bør ikke sitte i styret i selskap.

ANBEFALING 16: GODTGJØRING AV STYREVERV

Kommunen bør i forbindelse med utarbeidelse av eierskapsmelding ha en prinsipiell diskusjon om godtgjøring av styreverv. Denne bør danne grunnlag for eierorganets fastsetting av styrehonorar.

ANBEFALING 17: REGISTRERING AV STYREVERV

Alle som påtar seg styreverv for kommunale selskap bør registrere vervene på www.styrevervregisteret.no

ANBEFALING 18: ARBEIDSGIVERTILHØRIGHET I SELVSTENDIGE RETTSSUBJEKTER

Det anbefales at selskapene søker medlemskap i en arbeidsgiverorganisasjon. KS Bedrift vil være et naturlig valg for mange av disse selskapene.

ANBEFALING 19: UTARBEIDELSE AV ETISKE RETNINGSLINJER

Eier bør påse at selskapsstyrene utarbeider, og jevnlig reviderer, etiske retningslinjer for selskapsdriften

ANBEFALING 20: SÆRLIG OM ADMINISTRASJONSSJEFENS ROLLE I KOMMUNALE FORETAK

Det anbefales at kommunestyrene ved opprettelse av kommunale foretak diskuterer administrasjonssjefens rolle og handlingsmuligheter overfor daglig leder.

ANBEFALING 21: UTØVELSE AV TILSYN OG KONTROLL

Kommunestyret har både et tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterlevs og at etiske hensyn ivaretas. Kontrollen utføres blant annet gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollansvaret gjelder også når virksomheten er skilt ut i egne selskap.